

<b>Dokumentasjon av prosessen ✓</b>		<b>Vekesrapport</b> ☐
Objekt: Løa på Audamotland	Bygning, arkivnr.:	
	Gnr.:	Bnr.:
Bygningselement: Kyllinghus	Kommune: Hå	
Arbeidet blei utført i perioden →	Start: juni 2015	Slutt: 13.2.2017

Kyllinghuset i 2012. Golvet var sprukke grunna settninger og det var seg i taket.



*Figur 1-2012ogr-PA250017*




August 2016 var kyllinghuset ferdig utvendig.



*Figur 2-20160816ogr\_04*



*Figur 3-20160816ogr\_08*

<p>Juni 2015 starta eg med golvet. Planen var å støypa nytt golv som kunne fungera som fundament for kyllinghuset. Det ville verta mykje ekstra vekt på grunn av nytt tak oppå det gamla.</p>	 <p><i>Figur 4-20150618ogr-DSCN0831</i></p>
<p>Først måtte eg hogga opp gulvet av cement. Det var bare 5 cm tykt. Verre var det med 30 cm mold som var «armert» med røtter.</p>	 <p><i>Figur 5-20150618ogr-DSCN0833</i></p>
<p>Me fekk ein betongbil med singel. Det gjorde transporten enklare. Først blei det stukke armeringsjern inn under muren. Så blei det lagt matter oppå. Murm. Mageland støypte gulvet.</p>	 <p><i>Figur 6-20150630ogr-DSCN0858</i></p>
<p>Når gulvet/fundamentet var ferdig, kunne eg starta med taket. Det eksisterande dekket var 5 cm ved kanten og 10 cm på midten. Det vart nok laga med fall men hadde no sege så det var flatt. Eg armera dekket med matter og kam10. Eg monterte 6 bolter gjennom det gamle dekket og festa dei i armeringen.</p>	 <p><i>Figur 7-20150818ogr-DSCN0893</i></p>

Det var Karl Johnny og Joakim Mageland som støypte taket. Overflaten fekk noen ubetydelige skader som skuldast pressending og mykje vind under støypingen.



*Figur 8-20150825ogr-DSCN0928*

På nord var det rissa inn byggeåret 1939. Dette ramma me inn, så det er framleis synleg.



*Figur 9-20150825ogr-DSCN0929*



*Figur 10-20150825ogr-DSCN0931*



*Figur 11-20150825ogr-DSCN0932*

Døra til kyllinghuset måtte lagast ny.  
Beslag og lås med vrider kunne brukast.



*Figur 12-20141020ogr-DSCN0503*

Det var lagt papp på utsida av labankdøra  
og deretter kledd med 4-tommers fas-  
panel.  
Eg fann nok panel som hadde vore på  
veggene, som eg kunne bruka på døra.  
Panelen blei lagt i oljebad før montering på  
dør.  
50% Rå linolje.  
48% Terpentin.  
2% Antisopp.



*Figur 13-20141020ogr-DSCN0504*

Dørkopi ferdig montert.







*Figur 14-20151106ogr-DSCN1037*


Innsiden av dørkopien med gamle beslag.  
Det blei brukt mest bare kjerneved på  
døra, og den blei satt inn med same  
oljeblanding.



*Figur 15-20151106ogr-DSCN1042*

<p>Eg fann ein ramme frå dei gamle vinduene. Den blei brukt til kopiering. Det blei brukt kjerneved på vinduene. Vinduene blei og behandla med same oljeblanding som dør. Når det gjelder kva som var fast og lukke, brukte eg Sigrunns gamle bilder. Se figur 22 og 23.</p>	 <p><i>Figur 16-20150130ogr-DSCN0665.jpg</i></p>
<p>Vindu montert.</p>	 <p><i>Figur 17-20151105ogr-DSCN1034</i></p>
<p>Leiv Nesvik A/S bytta ut jorda med drenerande masse ca 1 meter ut frå vegg. Det blei og gravd ned trekkerør fram til smyget ved kjerrehuset. Se rapport Kjerrehus.</p>	 <p><i>Figur 18-20160401ogr_003</i></p>
<p>Grunnarbeider er ferdig.</p>	 <p><i>Figur 19-20160407ogr_003</i></p>

<p>Det blei kjøpt same type panel til kyllinghus og folgestove. Se rapport Folgestove. Me fann nokre lengder av denne panelen i kyllinghuset. Spikerslag for panel var støpt inn i betongen. Det såg ut som om panelen har fungert som forskaling då dei støypte kyllinghuset. Den nye panelen er lekta ut for å få lufting bak panelen.</p> <p>Det blei laga 2 takhatter av zink. Lie Blikk.</p>	 <p><i>Figur 20-20170213ogr_004</i></p>
	 <p><i>Figur 21-20170213ogr_005</i></p>
<p>Her er kyllinghuset nytt. 1939. Sigrunn er født 1938. Me kan sjå at vinduene var malte og karmene ikkje. Derfor gjorde eg det same med dei nye vinduene.</p>	 <p><i>Figur 22-SigrunnødemotlandDamsgård_JÆF114.005</i></p>
	 <p><i>Figur 23-SigrunødemotlandDamsgård_JÆF114.057</i></p>

<p>Oppdrag: Restaurering av løa på Audamotland Foto og/eller andre referansar: Q/Bilder/Prosjekt/2016/Audamotland i datomapper</p>	<p>Dato: Rapporten er skriven av: Odd-Geir Rosland Reg.nr.:</p>	
--	---	---

